



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 27/21

Møtedato: 01.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Kenneth Monsen

S737, Murkelie – Tildeling av stølsjorde som er falt i det fri

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA PÅ SIDE 2

TIDLEGARE SAKSBEHANDLING : SAK 17/21

Denne stølen vart handsama i Fjellstyret i sak 23-20 (22.06.2020), der stølen vart vurdert til å ikkje vore take i bruk. Dette vedtaket vart påklaga av stølsbruker, og vart gjeve medhald i at stølen faktisk hadde vore definert som take i bruk i sak 26-21 (01.09.2020).

Etter dette, har stølsbrukaren sjølv take kontakt med administrasjonen, og i epost den 24.09.2020 skreve følgjande:

Jeg sier i fra meg min rett til jordstykke på murkelie, og fraskriver meg videre ansvar for dette, fra skrivende stund.

Jfr Stølsforskriften gjeld følgjande § 12:

§ 12.Om seter som er fallen i det fri

Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.

Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova, til eigedom i drift som treng seter.

Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyremakt til fråsegn.

Denne viser til § 22 i Fjelldova som seier følgjande:

§ 22.

Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbete fell bort:

1. Ved oppgjeving utan etterhald.
2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Bortfall av rett til seter etter første stykke nr. 2 får først verknad 5 år etter at lova har teke til å gjelde, med mindre retten etter § 20 i lov 12 mars 1920 ville ha falle bort før.

Rett til utvist tilleggsjord etter [§ 19](#), og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan etterhald.
2. Når tilleggsjorda i 5 år samanhengande ikkje har vore i bruk.

Her er fakta at stølsbrukaren har jfr Fjelldova § 22 «oppgjeve stølen utan etterhald», slik at dette er dermed oppfylt.

Vidare er alle bygningar fjerna frå området.

Riktig sakshandsaming vidare fremgår av stølsforskriften, der fjellstyret skal gjera vedtak om at retten til stølen er fallen i det fri.

Med bakgrunn i at stølsbrukar sjølv har oppgjeve stølen utan etterhald, tilrår administrasjonen at fjellstyret vedtek at stølen fell i det fri, og vert lyst ut pånytt som støl/tilleggsjord eller beite.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at S737 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite.

Vedtak i sak 17/21

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at S737 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite.

NYE OPPLYSNINGAR:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 12.05 – 04.06 2021. Det er komme inn følgjande søknader om å ta over jordet:

Knut Arild Thon, som har støl på Murkelie og fleire tilleggsjorder i nærleiken:

Eg Knut Arild Thon vil med dette söke om tilleggsjord på en støl som er fallen i de fri. Ca25 daa

Stølsjorde 94/1/737

Eg driv med melkeproduksjon / storfe

Christin Hambro og Sylvester Soosaimuthu som har støl ved Rensenn

Myrvoll gårdsdrift med gårdsnummer 80/18 ønsker med dette å söke på STØLSJORDE S737 PÅ MURKELIE.

Myrvoll gårdsdrift ønsker å benytte STØLSJORDE S737 som tilleggsjord, grasproduksjon grunnet økt besetning. Vi ønsker med dette å dyrke jorden opp igjen.

Myrvoll gård har en drift som omfavner melkeproduksjon og kjøttproduksjon av storfe, og har totalt 80 dyr pr dags dato.

Då det er fleire som søker om same stølsjorde, må ein vurdere desse opp i mot einannan ut i frå behov, rasjonell landbruksdrift m.m.

Når det gjeld Knut Arild Thon, har han støl i nærleik på same stølslag. Han har og nabojordet (S795), slik at å slå dette saman med S737 som no er ledig vil være ein god utnytting. Dette gjev han ein rasjonell landbruksdrift, når ein kan samle jorder i nærleik til stølen. Han driv og melkeproduksjon.

For Christin Hambro, har dei støl på Rensenn, som er ca 11 km unna. Dette er for så vidt ikkje så veldig stor avstand med dagens traktorar, men like fullt på eit anna stølslag. Dei driv og med mjølkeproduksjon, og oppgjev at dei aukar besetninga. Dei leiger andre stølsjorde i nærleiken av Murkelie, så dei må kjøre dit leil har dei oppgjeve på telefon.

Etter administrasjonen sitt skjønn bør ein prioritere ut i frå behov knytt til garden, samt at mjølkedrift bør prioriterast foran andre driftsformer. Vidare bør det primært tildelast stølar frå same stølslag om det er mogleg.

I denne saka likestiller ein behovet som Thon og Hambro har, dei er og likestilt på ynskje om mjølkedrift. Det at Thon tilhøyrer same stølslag, samt at han har det nærliggande jordet som gjev rasjonell drift er eit viktig moment som gjer at administrasjonen tilrår fjellstyret å tildele S737 til Knut Arild Thon.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vedtek å tildele S737 som tilleggsjord til G/Bnr 79/3 etter stølsforskriften § 20.

Vedtak

Fjellstyret vedtek å tildele S737 som tilleggsjord til G/Bnr 79/3 etter stølsforskriften § 20.

Samrøystes vedteke

Generelle reglar om fjellstyreveidtak:

Etter § 10 i fjelova tek fjellstyreveidtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjelova, jf. §10 i fjelova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Stølsbrukarar